

## **Sluttrapport til Hordaland fylkeskommune**

### **Prosjekt «Jordmassar frå problem til ressurs – ta vare på matjorda»**

Tilsegn om tilskot inntil kr 100.000,- frå fylkeskommunen (klimatilsegn nr 10-2015).

Kontaktperson i Fylkeskommunen: Karen Nybø / Lene Omdahl.

#### **Bakgrunn for prosjektet**

Korleis nytta massar frå utbygging som ressurs for landbruk og samfunn på ein god måte for innbyggjarar og miljø? Dette er hovudproblemstillinga bak prosjektet, som har hatt som mål å lage ein erfaringsbasert rettleiar for forvaltinga om handtering av jordmassar. Det har og vore mål om å halde kurs for bønder og entreprenørar og seminar for forvaltinga, for å auke kunnskapen om dette temaet.

Prosjektet starta opp ca. mai/juni 2015 og avslutta september 2016. Kurs vart arrangert i mars 2016, rettleiarene var ferdig i august 2016, og seminar for forvaltinga vart arrangert i september 2016.

Prosjektet har vore eit samarbeid mellom kommunane Austrheim, Lindås og Meland med støtte frå Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune. Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) er prosjekteigar, prosjektleiar har vore Tonje Husum Aarland (frå NUI). Prosjektet har vore forankra og rapportert til Regionrådet i Nordhordland og Rådmannsutvalet i Nordhordland har vore styringsgruppe.

#### **Mål med prosjektet**

Overordna mål:

Å nytta jordmassar frå utbygging som ressurs til matproduksjon/landbruk og samfunn på ein måte som førebygg konfliktar med innbyggjarane og miljøet.

For å nå det overordna målet, var strategiane:

1. Å lage ein rettleiar for kommunal sakshandsaming basert på dei erfaringane som ein har gjort seg i regionen Nordhordland.
2. Kompetanseoppbygging gjennom
  - kurs for bønder og entreprenører
  - Seminar for forvaltinga

## **Oppnådde resultat**

Gjennom haust 2015 og vinter 2016 vart kunnskap om jordmassehandtering samla gjennom diskusjon og synfaring, både internt i arbeidsgruppa, saman med referansegruppa og med styringsgruppa (rådmannsgruppa).

I november 2015 inviterte prosjektgruppa til miniseminar for landbruk, byggesak, plan og miljø i kommunane i Nordhordland. Målet var å involvere og engasjere forvaltinga og å få innspel til utfordringar og gode løysingar innanfor temaet jordmassehandtering.

I mars 2016 arrangerte prosjektgruppa to kurs for bønder og entreprenører i Nordhordland. Kursa vart gjennomført både dag og kveld same dagen, dette for å nå ut til fleire. Til saman møtte 55 deltagarar opp, jamt fordelt på dag og kveld. Evalueringsskjema viste at deltagarane fann kurset nytig og interessant, og vil tilråde det vidare.

Gjennom heile våren har det vore jobba med ein praktisk rettleiar for offentleg forvaltning i temaet jordmassehandtering. Dette var eit stort stykke arbeid som gruppa jobba mykje med for å gje ein kunnskapsrik og nytig, lettleselg og praktisk tilnærming til korleis handtere jordmassar i offentleg forvaltning. Rettleiaaren byggar på erfaringar som arbeidsgruppa, saman med andre aktørar og sakshandsamarar i regionen, har gjort seg i Nordhordland. Ein har prøvd å ta fatt i dei regelverka som gjeld og korleis desse har vore tolka i praksis i regionen. Rettleiaaren var ferdigstilt i august 2016.

I september 2016 vart alle sakshandsamarar innan plan, byggesak, landbruk og miljø frå kommunane i Region Nordhordland og frå Bergen kommune invitert til seminaret «Jordmassar frå problem til ressurs – ta vare på matjorda». Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og Hordaland bondelag var og representert på seminaret. Programmet var variert med ulike tilnærmingar til temaet: frå praktiske erfaringar frå gardbrukarar, oppbygging av jordsmonnet i Nordhordland og søknadar, til lovverk og dei viktigaste definisjonane på reine og ureine massar. Tilbakemeldingane har berre vore positive. Rettleiaaren vart delt ut på seminaret.

## **Vurdering mot oppsette mål**

Det overordna målet er ein langtidsmålsetjing. Det finnест fleire ulike eksemplar på korleis handtere jordmassar på ein god måte, og arbeidsgruppa har prøvd å samle desse og vidareformidle dei. Med fokus på kunnskapsauke i alle ledd, har ein prøvd å nærme seg målet om at jordmassar vert nytta som ein ressurs på ein måte som førebygger konfliktar med innbyggjarar og miljø.

For å nå dei ulike ledda og bidra til kunnskapsauke, har prosjektgruppa hatt kurs for bønder og entreprenørar, seminar for forvaltninga, og utarbeida ein rettleiar som samlar den kunnskapen og dei erfaringane som ein har tileigna seg om jordmassehandtering.

Dei tiltaka som prosjektgruppa satt gjennom strategiplanlegginga er gjennomført. Tilbakemeldingane frå menneska i dei ulike ledda i jordmassehandteringa i regionen som har vore anten på kurs, seminar eller som har lest rettleiaaren, er at prosjektet har i stor grad medverka til kunnskapsauke og fokus på temaet.

Langtidsperspektivet er viktig i denne samanhengen, og målet er at kunnskapsauka og fokus på tema er med på å betre situasjonen dei neste åra; det vil seie færre konfliktar og større nyttebruk av jordmassar ved utbygging.

## **Oppsummering av prosjektarbeidet**

### Organisering

Rådmannsutvalet i Nordhordland har vore styringsgruppe og prosjektet er eigmendt av Nordhordland Utviklingsselskap IKS (Region Nordhordland). Arbeidsgruppa har bestått av Laila Bjørge og Marius Flemmen Knudsen (kommunane Meland og Modalen), Asbjørn Nagell Toft (Austrheim kommune) og Kjartan Nyhammer (Lindås kommune). Prosjektleiar har vore Tonje Husum Aarland (NUI). Prosjektet har også hatt ei handplukka referansegruppe med brei fagkompetanse: gardbrukar, entreprenør, juristar og rådgjevarar frå kommunane i regionen, Norsk Landbruksrådgiving, Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune.

### Sterke/svake sider ved prosjektet

Det har vore mykje gode innspel og god dialog mellom dei ulike målgruppene for temaet i regionen, og samspelet i arbeidsgruppa har vore svært god. Prosjektet har hatt god forankring i regionen gjennom val av styringsgruppe og referansegruppe. Prosjektet har hatt ein jamn framdrift og har nådd delmåla i framdriftsplanen, men med ei utvida tidsramme.

Det har tatt lengre tid enn planlagt å samle all kunnskap om temaet i eit skriftleg materialet, og prosjektgruppa har i periodar jobba intensivt for å komme i mål etter ei utvida tidsramme på tre månader. Til gjengjeld har prosjektet fått god forankring i regionen, skapt gode dialogar, samspel og kunnskapsauka om temaet, og kan sende ut ein gjennomarbeida rettleiar om jordmassehandtering for kommunal forvalting.

## **Vidareføring av prosjekt**

Gode løysingar av handtering av jord- og steinmassar er noko som kan ta tid å få implementert i det daglege arbeidet i forvaltinga. Såleis er det svært nyttig å jobbe vidare med formidlinga av temaet ei tid framover for å sikre at dette får auka fokus i kommunane. Sjølv om rettleiaren er sendt ut til målgruppa i Nordhordland og Bergen og publisert på Fylkesmannen i Hordaland sine nettsider, er det behov å formidle kunnskaperen om temaet vidare, både i og utanfor Nordhordland. Tilbakemeldingane har vore at det er stor interesse for å halde liknande kurs og seminar utanfor regionen. Det er også interesse for å knytte temaet opp mot forskingsmiljøa.

Med bakgrunn i dei nemnte utfordringane, ønskjer ein å vidareføre prosjektet til ein del 2.

## Rekneskap

Under er budsjett og rekneskap gjennom perioden 01.05.2015 – 30.09.2016. Prosjektet har følgt budsjettet og hatt ei kostnadsramme på kr 600 000. Dette har vore dekka gjennom skjønsmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland, støtte frå Hordaland fylkeskommune gjennom tiltak i klimaplanen, og eigeninnsats frå kommunane Austrheim, Lindås og Meland og Nordhordland Utviklingsselskap IKS. Eigeninnsatsen i prosjektgruppa har vore høgare enn det som kjem fram i tala, og har vore viktig for å sikre god forankring av oppfølginga av måla.

### Prosjekt: Jordmassar frå problem til ressurs - ta vare på matjorda

#### Budsjett og rekneskap 2015 - 2016 - 01.05.2015 - 30.09.2016

##### Kostnader:

Prosjektleiing

Arbeid / timer i ulike kommunar, styringsgruppe, referansegruppe, arbeidsgruppe

Kjøp av tjenester (layout, redigering m.v.)

Møter / reiser

Kurs / seminar / informasjonstiltak

Administrasjon, diverse trykking m.v.

Budsjett:	Rekneskap:
200 000	200 000
200 000	200 000
50 000	48 008
50 000	59 628
50 000	45 688
50 000	46 176
<b>600 000</b>	<b>599 500</b>
300 000	300 000
100 000	100 000
50 000	50 000
150 000	150 000
<b>600 000</b>	<b>600 000</b>
<b>Resultat:</b>	<b>500</b>

##### Totale kostnader:

##### Inntekter:

Fylkesmannen, skjønsmidlar

Klimaplan Hordaland

Eigeninnsats Nordhordland Utviklingsselskap IKS (prosjektleiar, administrasjon og dagleg leiar)

Eigen finansiering kommunar (arbeid i kommunane, i prosjekt- og styringsgruppe)

##### Totale inntekter: